



Mittegetlokale Vestland AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/272 - 23/23095

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.03.2023

Mellombels bruksløyve for lagerhall C - gbnr 212/150 Eikanger øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 323/23
Tiltakshavar: Mittegetlokale Vestland AS
Ansvarleg søkjar: Rolv Eide AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for lagerhall C på gbr 212/150 seksjon 33-48 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
- 2. Ferdigattest skal liggja føre innan 10.04.2023.**

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.05.2022.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att: Asfaltering.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 10.04.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 14.03.2023.

VURDERING

Kommunen legg mottoken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid. Vi finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Vi gjer merksam på at avkøyrslene til eigedomen gbnr 212/150 er godkjend etablert i sak 21/4644. Ferdigattest er gitt, men av tilsynssak 22/5883 går det fram at avkøyrslene ikkje er opparbeidd i tråd med gitt løyve. Forholdet må rettast slik det går fram av tilsynssaka.

Skildring

Adresse:	Torvmyrane 33C
Bygningstiltak:	Lagerhall C – seksjon 33-48
Bygningsnummer:	301054482
Bruksareal:	1 454,5 m ²
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	0

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/272

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mittegetlokale Vestland AS
Rolv Eide AS

Sandviksbodene 5 5035
Postboks 325 5343

BERGEN
STRAUME